OPPVEKSTPROFIL

Sunnfjord

Tema for profilane i år er Vegen til barn og unge gjennom pandemien: Kva har me lært? Temaet blir spegla i indikatorar og figurar.

Nedanfor presenterast nokre indikatorar om barn og unge i kommunen:

- Andelen barn som bur i hushald med vedvarande låg inntekt, er lågare enn landsnivået. Vedvarande låg hushaldsinntekt vil seie at den gjennomsnittlege inntekta i ein treårsperiode er under 60 prosent av median hushaldsinntekt i Noreg.

- Andelen barn i familiar som har fått sosialhjelp minst éin gong i løpet av året er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået. Barn av sosialhjelpsmottakarar er truleg ei potensielt utsett gruppe, både økonomisk og sosialt.

- Andelen ungdomsskuleelevar som oppgir at dei er litt eller svært fornøgde med lokalmiljøet, er høgare enn landsnivået. Barn og unge bruker lokalmiljøet i større grad og på ein annan måte enn vaksne. Tala er henta frå Ungdata-undersøkinga.

- Andelen ungdomsskuleelevar som oppgir at dei har høg tilfredsheit med livet er høgare enn landsnivået. Andelen inkluderer dei som svarer 8 eller høgare på ein skala frå 0-10 der 0 er det verst moglege livet dei kan tenke seg og 10 det best moglege. Tala er henta frå Ungdata-undersøkinga.

2023

Oppvekstprofilen viser nokre av styrkane og utfordringane til kommunen, og kan brukast i planarbeidet for barn og unge og deira oppvekstmiljø. Indikatorane er valde med tanke på å fremje oppvekstmiljøet for barn og unge, og må tolkast i lys av annan kunnskap om lokale tilhøve.

Utgitt av:
Folkehelseinstituttet, Postboks 222 Skøyen, 0213 Oslo.
Ansvarlig redaktør: Camilla Stoltenberg
E-post: oppvekstprofiler@fhi.no

Statistikken er henta frå Kommunehelsa statistikkbank per februar 2023

Illustrasjon: FHI
Nynorsk

Batch 2702231351.2802231336.2702231351.2802231448.01/03/2023 15:02

0-24 SAMARBEIDET

Oppvekstprofilane er utarbeidde i samarbeid mellom fem ulike direktorat og Folkehelseinstituttet, på oppdrag frå 0–24-samarbeidet.

IMDi Integrerings- og mangfoldsdirektoratet · Bufdir · Utdannings-direktoratet · nav · Helsedirektoratet · FHI

Vegen til barn og unge gjennom pandemien: Kva har me lært?

Pandemien har vist at samfunnsmessige endringar rammar barn og unge ulikt, avhengig av deira eigenskapar, ressursar og livsvilkår. Dette er viktig kunnskap når kommunane skal planleggja for best moglege oppvekstsvilkår for barn og unge framover.

I perioden frå mars 2020 til februar 2022 (heretter referert til som «under pandemien») vart det sett i verk fleire nasjonale og regionale tiltak for å bremsa spreiing av SARS-CoV-2 viruset, som gav opphav til Covid-19-pandemien. Dette førte til periodar med stengde skular, stopp i organiserte fritids-aktivitetar og eit generelt krav om avgrensingar i sosial omgang med andre. Kva veit me om korleis pandemien og tiltaka har påverka barn og unge?

Dei grunnleggjande **skuleferdigheitene** til elevane har ifølgje Utdanningsdirektoratet ikkje endra seg vesentleg under og etter pandemien, korkje på nasjonalt nivå eller i kommunar med mange tiltak. Det var ingen nedgang i talet på elevar som fullførte vidaregåande skule, og ingen auke i andelen som ikkje fekk bestått i faga sine. Unntaket var nokre av dei mest smitteutsette bydelane i Oslo og blant elevar med svake norskferdigheiter, der læringsutbyttet var noko dårlegare under pandemien samanlikna med perioden før.

Dei seinare åra har stadig færre ungdommar delteke i **organiserte fritidsaktivitetar**. I 2021 vart det rapportert eit ytterlegare fall i deltakinga. Samtidig såg me ein auke i skjermtid, uorganiserte fritidsaktivitetar og trening på eige hand. Figur 1 viser tal for kommunen. Resultata frå Ungdata tyder på at pandemien ikkje bidrog i noka særleg grad til å påverka andelen unge som trenar på fritida.

Offentleg statistikk viser at **økonomien** i barnefamiliane ikkje vart dårlegare under det første pandemiåret. Unge frå familiar med låg inntekt og unge med innvandrarbakgrunn opplyste likevel at dei var meir bekymra for økonomien til familien under pandemien, samanlikna med annan ungdom.

Figur 1. Fritid og helse i kommunen. Tal frå 2020 er frå før pandemi-en, tal for 2022 er frå etter restriksjonane*. (Kjelde: Ungdata)



Figur 2. Andel ungdomsskuleelevar som er mykje plaga av psykiske vanskar. Tal for 2020 er frå før pandemien, tal for 2022 er frå etter restriksjonane vart løfta*. (Kjelde: Ungdata)



Psykisk helse og trivsel

Pandemien førte til store endringar i livet til dei unge. Dei aller fleste elevane på ungdoms- og vidaregåande skule rapporterte om negative konsekvensar eitt år inn i pandemien, med sakn av vener og fritidsaktivitetar som det viktigaste. Samtidig meinte to av tre elevar at pandemien også hadde påverka livet deira i positiv retning, med mindre stress og meir tid til å gjera noko hyggjeleg saman med familien. Det siste var tydelegast for unge med innvandrarbakgrunn og unge frå familiar med låg inntekt.

Ungdatarapporten frå 2022, som inkluderer data frå tida etter pandemirestriksjonane, konkluderer med at dei fleste ungdom-mane har kome seg gjennom pandemien på ein god måte, trass i ein liten forbigåande auke i psykiske plager (Figur 2) og nedgang i livskvalitet. Etter pandemien er ungdommar flest tilbake i sitt vanlege liv utan store negative konsekvensar eller påkjenningar.

Den vedvarande auken i psykiske vanskar me har sett i tiåret før pandemien, stoppa opp og flata ut i 2022, og andelen einsame ungdommar i Noreg var våren 2022 lågare enn før pandemien (Figur 3). Andelen 7. klassingar som opplever å bli mobba har derimot auka både under og etter pandemien (Figur 4).

Me har også sett at pandemien har påverka den psykiske helsa til barn og unge ulikt, noko som kan forklarast ved forskjellar i eigenskapane, ressursane og livsvilkåra til dei unge. Enkelte unge med psykiske vanskar før pandemien rapporterer om ei forbigåande betring under pandemien. Heimeskule, mindre sosialt press og generelt meir ro kan for nokon ha ført til ei symptombetring. Samtidig auka tilvisingar til barne- og ungdomspsykiatrien langt meir under og etter pandemien enn i perioden før. Dette kan tyda på at for andre sårbare grupper har pandemien vore ein utløysande eller forsterkande faktor for psykiske vanskar og lidingar.

Kven var mest utsett?
I tida etter pandemien har det vore aukande politisk og økonomisk uvisse. Det er derfor viktig å følgja med på korleis dette vil påverkar helsa og livskvaliteten til barn og unge framover. Forsking på konsekvensane av pandemien så langt har bidratt til viktig kunnskap om kven som er dei mest sårbare barna når tilgangen på sosiale møteplassar og hjelpetenestene i samfunnet blir avgrensa:

- Barn frå familiar med låg inntekt, hovudsakleg på grunn av høgare førekomst av andre risikofaktorar i desse familiane – meir stress/dårlegare stressmeistring, rus og andre fysiske og psykiske helseproblem hos foreldra, og auka førekomst av åtferdsproblem hos barna
- Barn som allereie før pandemien levde i familiar med vald eller eit høgt konfliktnivå
- Barn med store behov for hjelp og oppfølging frå det offentlege på grunn av alvorlege og/eller samansette psykiske lidingar eller funksjonsnedsetjingar
- Einslege flyktningar og andre utsette grupper utan eit etablert sosialt nettverk

Kommunane sine verkemiddel
Kommunane har ei rekkje verkemiddel for å betra forholda til barn og unge. Dette inkluderer generelle tiltak som kjem alle til gode, og målretta tiltak for barna og familiane med dei største utfordringane:

- Lage plan for det førebyggjande arbeidet i kommunen, som inneber samordning av tenestetilbodet for barn og familiar
- Legge til rette for eit godt og trygt læringsmiljø på skulen
- Bidra til at det finst organiserte fritidsaktivitetar og sosiale arenaer for alle barn og unge, uavhengig av ressursane til foreldra
- Sikre psykisk helsehjelp til barn og unge
- Gi tilbod om rettleiing til foreldre i utsette familiar
- Bidra til at foreldra får ein betre og meir føreseieleg økonomi

Forslag om tiltak retta mot barn og familiane deira finst på www.kunnskapombarn.no.

Utfyllande tekst med referansar og lenkjer finst på FHI.no/Oppvekstprofiler.
I tillegg til indikatorane i Oppvekstbarometeret på side 4 finn du fleire indikatorar for kommunen din i Kommunehelsa statistikkbank.

* Ungdataundersøkinga blir gjennomført på våren. Tal frå 2020 er innhenta i perioden før pandemien braut ut 12. mars, tal for 2021 er innhenta under pandemien og tal for 2022 innhenta etter at dei nasjonale pandemitiltaka stansa 12. februar. Les meir om grunngivinga for årlege ungdatatal for 2021 og 2022 på FHI.no.

** Elevundersøkingane blir gjennomførte kvar haust. Tal frå 2020 og 2021 er dermed innhenta under pandemien.

Figur 3. Andel ungdomsskuleelevar som er mykje plaga av einsemd. Tal for 2020 er frå før pandemien braut ut, tal for 2022 er frå etter restriksjonane vart løfta*. (Kjelde: Ungdata)



Figur 4. Andel elevar som blir mobba på skulen i kommunen og landet (Kjelde: Elevundersøkelsen**, eittårige tal).



Figur 5. Levekår og demografisk samansetning i kommunen samanlikna med landet. (Kjelde: SSB)



Oppvekstbarometer for kommunen

I oversikta nedanfor blir nokre nøkkeltal for kommunen og fylket samanlikna med landstal. I figuren og talkolonnane er det teke omsyn til at befolkninga i kommunar og fylke kan ha ein annan alders- og kjønnssamansetnad enn landet. Klikk på indikatornamna nedanfor for å sjå utvikling over tid i kommunen. I Kommunehelsa statistikkbank finst det fleire indikatorar og utfyllande informasjon om kvar enkelt indikator.

Ver merksam på at også «grøne» verdiar kan innebere ei viktig utfordring for kommunen, for landsnivået representerer ikkje alltid eit ønska nivå. Verdiområdet for dei ti beste kommunane i landet kan vere eit nivå å strekke seg etter.

- Kommunen ligg signifikant betre an enn landsnivået
- Kommunen ligg signifikant dårlegare an enn landsnivået
- Kommunen er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået
- Kommunen er signifikant forskjellig frå landsnivået
- Ikkje testa for statistisk signifikans
- Verdien for fylket (ikkje testa for statistisk signifikans)
- Verdien for landet
- Variasjonen mellom kommunane i fylket
- Dei ti beste kommunane i landet

Tema		Indikator (klikkbare indikatornamn)	Kommune	Fylke	Noreg	Eining (*)	Oppvekstbarometer for Sunnfjord
Befolkning	1	Andel barn, 0-17 år	23,2	21,0	20,4	prosent	
	2	Innvand. og norskf. med innv.foreldre	11,8	15,2	19,8	prosent	
Levekår	3	Barn i fam. m/vedvarande låg inntekt	7,7	9,8	12	prosent	
	4	Barn i familiar som mottek sosialhjelp	5,1	4,4	5,7	prosent	
	5	Bur trongt, 0-17 år	16	18	18	prosent	
	6	Barn av einslege forsørgarar	12,7	13,1	14,7	prosent	
	7	Barn med barnevernstiltak, 0-17 år	3,6	3,7	3,9	prosent	
	8	Unge som står utafor, 15-24 år	4,6	7,1	7,4	prosent (a,k)	
Barnehage og skule	9	Bemanning i barnehage, oppfylt	81	95	92	prosent	
	10	Lågaste meistringsnivå i lesing, 5. tr.	23	25	23	prosent (k)	
	11	Lågaste meistringsnivå i rekning, 5. tr.	20	23	24	prosent (k)	
	12	Trivst på skulen, 7. trinn	87	85	86	prosent (k)	
	13	Blir mobba på skulen, 7. trinn	4	6,7	7	prosent (k)	
	14	Gjennomsnittleg grunnskulepoeng	44,3	43,5	43,3	poeng (k)	
	15	Gjennomføring i vdg. opplæring	84	80	79	prosent (k)	
Fritid og nærmiljø	16	Fornøgd med lokalmiljøet, 2021	72	68	68	prosent (a,k)	
	17	Fornøgd med treffstadar, 2021	49	43	46	prosent (a,k)	
	18	Med i fritidsorganisasjon, 2021	64	61	60	prosent (a,k)	
	19	Einsemd, 2021	20	26	25	prosent (a,k)	
	20	Regelbrudd, Ungd. 2021	5	8,7	8,6	prosent (a,k)	
	21	Skjermtid over 4 timar, 2021	35	46	49	prosent (a,k)	
Helse og helseåtferd	22	Fornøgd med helsa, 2021	73	68	68	prosent (a,k)	
	23	Høg tilfredsheit med livet, Ungd. 2021	61	49	49	prosent (a,k)	
	24	Psykiske plager, 2021	10	17	17	prosent (a,k)	
	25	Psykiske sympt./lidingar, 15-24 år	155	152	166	per 1000 (a,k)	
	26	Problem med søvn, 2021	22	30	31	prosent (a,k)	
	27	Trenar sjeldnare enn kvar veke, 17 år	21	24	27	prosent (k)	
	28	Overvekt og fedme, 17 år	21	22	22	prosent (k)	
	29	Reseptfrie smertestillande, 2021	15	16	16	prosent (a,k)	
	30	Alkohol, har vore berusa, 2021	9,7	10	13	prosent (a,k)	

Forklaring (tal viser til linjenummer i tabellen ovanfor):
* = standardiserte verdiar, a = aldersstandardisert, k = kjønnsstandardisert og ** = tal frå Ungdataundersøkelsen manglar. Les meir om moglege årsaker til at tal frå Ungdataundersøkelsen manglar og om endringar i tal for 2021 her.

1. 2022. 2. 2022, 0-17 år. 3. 2019-2021, barn (0-17 år) som bur i hushald som i ein periode over tre år har ein gjennomsnittleg inntekt lågare enn 60 % av nasjonal median. 4. 2021, 0-17 år, omfattar dei som har motatt sosialhjelp minst éin gong i løpet av året. 5. 2021, å bu trongt er definert ut ifrå areal og antal rom i bustaden. 6. 2019-2021, 0-17 år, av alle born det vert betalt barnetrygd for. 7. 2021, omfattar hjelpetiltak og omsorgstiltak. 8. 2021, omfatter dei som ikkje er i arbeid, utdanning eller opplæring (NEET). 9. 2022, barn som går i barnehagar der krava til både grunnbemanning og pedagogisk bemanning er oppfylt. 10./11. Skuleåra 2019/2020-2021/2022. 12./13. Skuleåra 2020/2021-2022/2023. 14. 2020-2022, ved avslutta grunnskule på 10. trinn. 15. 2019-2021, omfattar elevar busett i kommunen. 16. U.skole, svært eller litt fornøgd. 17. U.skole, svært bra eller nokså bra tilbod. 18. U.skole, svarer «ja, eg er med nå». 19. U.skole, ganske mykje eller veldig mykje plaga. 20. U.skole, 3 eller fleire ulike regelbrot i løpet av det siste året. 21. U.skole, dagleg utanom skulen. 22. U.skole, svært eller litt fornøgd. 23. U.skole, dei som vel 8-10 på en skala fra 0-10, der 0 er det verst moglege livet dei kan tenke seg og 10 det best moglege. 24. U.skole, har mange plager (ganske mykje eller veldig mykje plaga). 25. 2018-2020, brukarar av primærhelsetenestene fastlege og legevakt. 26. U.skole, ganske mykje eller veldig mykje plaga. 27. 2021-2022, oppgitt ved nettbasert sesjon 1. 28. 2019-2022, KMI som svarar til over 25 kg/m2, basert på sjølvrapportert høgde og vekt frå nettbasert sesjon 1. 29. U.skole, bruker Paracet, Ibux og liknande minst éin gong i veka. 30. U.skole, drukke så mykje at dei har følt seg tydeleg berusa éin eller fleire gonger dei siste 12 mnd. Datakjelder: Statistisk sentralbyrå, NAV, Ungdata-undersøkinga frå Velferdsforskingsinstituttet NOVA ved OsloMet, Utdanningsdirektoratet, Vernepliktsverket og primærhelsetenestene fastlege og legevakt (KUHR-databasen i Helsedirektoratet). For meir informasjon, sjå Kommunehelsa statistikkbank.